

Tiltaksplan 2010-2011

(med utgangspunkt i framlegg til Kvalitetsplan 2010-2014 og utdanningsavdelinga si tiltaksplan for skoleåret 2010-2011)

SKOLE: Ålesund vgs

<i>Kvalitetsområde: Tilpassa opplæring som grunnlag for meistring</i>	
Tiltak:	Nærare om gjennomføring (korleis/tidsplan)
Oppstartsamtale/forventningssamtale for alle elevar på vg1 med føresette med avtale om gjensidig forventningar og oppfølgingar innan midten av september. Foreldremøte i veke 34 der skolens mål og tiltak blir presentert. Mål og system for gjennomføring av forventningssamtale blir presentert.	Kontaktlærer er ansvarleg for gjennomføring etter en felles samtalemål Innhald: 1. Plan og forventning til skolen frå elev/føresette 2. Oppmøte/tilstadeverande, elevinfo frå ungdomsskolen, 3. Rettar og plikter 4. Faglege problemstillingar og læringsmål 5. Andre forhold rundt eleven som skolen bør vite om
Skriftlig informasjon om spesielle tilpassingsbehov i overgang mellom vg1 og vg2	Kontaktlærer koordinerer info frå faglærarar om elevar som har spesielle faglege eller sosiale vanskar/behov. Skal også diskuteras på lærarteammøte der kontaktlærer er ansvarleg.
Sikre at kartleggingsmateriell er bestilt i slutten av mai og setje opp plan for gjennomføring og oppfølging med info til kontaktlærarar og faglærarar. Opprette ressursgruppe av tilgjengeleg lærarkompetanse i matematikk, språk og naturfag	Avdelingsleiar for rådgiving og dokumentasjon er ansvarleg. Intensivkurs i fellesfaga for elevar som treng det for å sikre at elevar har kunnskap som er nødvendig for å gå vidare i faget. Lærargruppa blir sett inn ved behov utover skoleåret, i felles klasse eller i eiga gruppe. Redusert læreplan blir utarbeidd i faga.
Etablere lærarteam med kontaktlærer og ei gruppe faglærar. Møtetid planfestes – 3 møter kvart halvår	Sikre at info om elevens utvikling i dei enkelte fag kjem teamet til gode, erfaringsdeling og vidare planlegging. Følgje opp individuell undervisningsevaluering, differensiere oppgåver og oppgåvemengd
Konkretisere årshjul for kontaktlærarar og spesiell satsing på kontaktlærarar for vg1 og PGS	Lage system for arbeidsdeling mellom kontaktlærer, rådgivarar og ressursteam. Ressursteam og rådgivarar er ansvarleg

Bruke entrepenørskapsmetodikk og arbeidslivet som opplæringsarena med utgangspunkt i læreplanmål for faget	Sjå eigen plan for skulens arbeid med entrepenørskap og samarbeid med arbeidslivet. Alle avdelingar skal etablere kontakt med minst ei bedrift i løpet av skoleåret. Avtale for samarbeidet mellom skole og bedrifter skal utarbeidast og underskrivast.
Timeplanfeste bruk av samarbeidstid og bruke fellesmøta (som er i henhold til drøftingsreferat) til erfaringsdeling på tvers av studieprogram og trinn	Skal vere klart samtidig med timeplanen, ass. rektor har ansvar.
<i>Kvalitetsområde: Inkludering og medverknad</i>	
Tiltak:	Nærare om gjennomføring (korleis/tidsplan)
Etablere elevbedrifter på studieprogram og i undervisningsgruppe der dette er mulig	Sjå eigen plan for arbeid med entrepenørskap
Arbeidsplanar i alle fag med utgangspunkt i felles utarbeidd rammemal. Planen skal ligge i Fronter.	Planane skal minimum innehalde tema, vise til læreplanmål og vurderingsmåtar. Planen skal gjennomgåast i k-time i starten av kvar veke samt at planane blir gjennomgått i undervisningstimane for å sikre at alle elevane er kjende med planen og veit korleis dei skal bruke han. Alle lærarar lagar ein plan over ulike vurderingssituasjonar som skal gjennomførast. (prøveplan) slik at elevane veit når vurdering av ulike type skal gå føre seg og at vi arrangerer ekstra prøver og fagdagar berre unntaksvis (ved sjukdom og anna nødvendig fråvær)
Utvikle et system for eigenvurdering	Avdelingane og fagseksjonane skal utarbeide forslag. Skal være ferdig utprøvd i innan utgangen av november. Avdeling for rådgiving og dokumentasjon koordinerer og leder arbeidet
Felles aktivitetsdag to gongar pr år	ID har ansvaret
Velfungerande elevråd med kontaktperson i skolens leing per lokalitet	Elevrådsseminar i starten av skoleåret. Ansvarleg for elevråda på kvar lokalitet har ansvar saman med rektor.
Rådgivar og helesøster er lavterskeltilbod og skal være kjent på kvar lokalitet	Plan for korleis elevtenesta fungerer skal leggast ut på Fronter og gjennomgåes av kontaktlærer. Stabsleiar for elevteneste er ansvarleg.
Gjennomføre eit felles prosjekt for alle elevane.	Jfr erfaringane frå prosjektet "Gi meg ein b" Tema for prosjektet skal vere klart innan utgangen av august etter forslag frå lærarar og elevråd. Det blir sette ned ei prosjektgruppe med representantar frå leing, lærarar og elever.

Kvalitetsområde: Samarbeid og sammenheng i den 13-årige grunnopplæringa

Tiltak:	Nærare om gjennomføring (korleis/tidsplan)
Etablere nettverksgruppe på kvart studieprogram som sikrar oppfølging av elevar som har hatt stort fråver på ungdomsskolen	I regi av felles prosjekt mellom skolar og OT på Nordre Sunnmøre
Hospitering etter fastsett plan	
Aktivitetsdag i Sunnmørshallen for 10. klassar i regi av ID	

Kvalitetsområde: Arbeidsmiljø og kompetanseutvikling

Tiltak:	Nærare om gjennomføring (korleis/tidsplan)
Satsing på klasseromsleiing, kommunikasjon og relasjonar	Dagsseminar 16. august med oppfølging 3. januar. Tema på møter i lærarteam
Utarbeide eigen handlingsplan mot mobbing	Skal inngå i skolens plan for HMS. Kontaktlærer skal gjennomgå planen for elevane.
Opplæring i digitale læremiddel og Fronter.	Det skal lagast en plan for tema det skal kursast i. Den enkelte lærar skal melde seg på etter behov og kompetansenivå.
Kollegaopplæring der ei avdelings spisskompetanse også blir tilbod til andre lærarar på andre avdelingar	Utgangspunktet er skulen sine målsettingsdokument og forståing og gjennomføring er tema. Vi utarbeider vurderingskriteri for DEN GODE ELEV – DEN GODE LÆRAR – DEN GODE LEIAR
Gjennomføre personalseminar i løpet av hausten	Fokus på mellomleiing
Gjennomføre leiarutviklingsprogram	
Utvikle felles praksis for ”arbeidsro”	
Gjennomgå ordensreglementet for alle elever	Rektor samlar elevane i grupper på auditoriet i løpet av august

Planen skal leggjast ut på skolen si heimeside innan 15. juli.